



HØGEPUNKT: Kjellaug arbeider raskt og snart er det ein haug med mjølkekaker på nistene. Den gode dufta lokkar både beburar og tilsette inn på kjeikenet. Gannvaug Sildén takkar for kaken og gir Kjellaug ein god klem.

90-åring i hundre

- Det var Gudrun Farnes som fekk meg med i besøkstjenesta i Førde Røde Kors, seier Kjellaug Ulltang. Den snart 90 år gamle Røde Korsaren har vore frivillig i 40 år, like aktiv i dag som på 70-talet.

Kjellaug er på Helsestunet og steikjer mjølkekaker til beburane. Det har ho gjort i alle fall i 8 år. Aktivitoreanne Anna Hustveit og Åse Warvik kan ramse opp ei lang liste over Kjellaug sine gode gjerninger. Når nokon av beburane har runde- og halvrunde dagar er det Kjellaug som kjem med blomar til jubilantane. Ho hjelper til når vi har basarar, «Syng med oss» kveldar, juletrefestar, adventsmarkeringar, turar. Kjellaug er ei som står opp klokka fem om morgonen for å steike mjølkekaker, så vi får ta med på tur.

Annakvar torsdag kjem Kjellaug på Helsestunet, og når dufta av kakene spreiar seg i korridorane kjem både beburar og tilsette streymande. Borgchild Holsten sit til borda med kaffi og mjølkekake. - Dei er så gode, seier Borgchild, tynne og passe steikte. Når og kjenner dufta, veit eg at Kjellaug er her. - Eg lagle ofte mjølkekaker for, seier Borgchild. Så ho veit kva som skal til for lage gode kaker.

- Kjellaug kjenner alle, seier Solbjørg Soeholm Flåm i besøkstjenesta, ho hugsar alle slags folk



Solbjørg S. Flåm og Borgchild Holsten set pris på mjølkekakene til Kjellaug.



Kjellaug Ulltang, 90 neste år, seier at du må heilt ikkje sette deg ned på sofaen, då får du ikke gjort noko. Fint å tenke at denne fabelaktige dame er ein ekte Røde Korsar.

og slekter. Det er lett å hygge seg saman med henne. På årsmøtet til Førde Røde Kors fekk Kjellaug diplom og nå til for fortenevestefullt arbeid i foreininga i 40 år.

- Røde Kors er noko det beste vi har, seier Kjellaug. - Eg kan ikkje forestille meg korleis det hadde vore utan, det er utrolig kva Røde Kors får gjort for mange.

Typisk for Kjellaug er at ho berre sit i ro berre ei litta stund. Ho arbeider fort, 70 mjølkekaker er laga i løpet av ein god halvtimme, eit

kvarter seinare er kakene etnus opp.

- Eg er så ofte på Helsestunet no at folk har begynt å spørje om eg har flyttat inn, ler Kjellaug. Ho fortel at ho ser ikkje markt på noko. - Alt det frivillige er kjekt å halde på med.

Kva er loyndommen for å få eit godt og langt liv? - Ein må halde seg langt unna sofaen, ler Kjellaug. Alderen har eg aldri vore redd for, den kjem til oss alle. Det er frå mor mi si slekt dette å bli gammal. Mor mi vart 100 år, og tantene mine vart gamle dei òg.